

## Referat

### Studieprogramråd for bachelor i sjukepleie, campus Førde

**Deltakarar:** Fagseksjonsleiar Anny Aasprang, fagleg representant Inger Oline Bruland, fagleg representant Aud Berit Fossøy, fagleg representant Terese Bjordal, kvalitetsrådgjevar Kristen Stæger-Breisnes, studentrepresentant Øystein Brekke Skjelvan, studentrepresentant Thomas Storehaug Øren, studentrepresentant Marianne Midtbø Husebø, eksternt medlem Berit Ullebust, eksternt medlem Hilde Loe Reed, studierettleiar (referent) Siri Munch Wahl

**Tilstande:** Anny Aasprang, Inger Oline Bruland, Aud Berit Fossøy, Terese Bjordal, Berit Ullebust, Hilde Loe Reed, Thomas Storehaug Øren, Marianne Midtbø Husebø og Siri Munch Wahl

**Forfall:** Øystein Brekke Skjelvan

**Møtedato:** 14.10.19

**kl. 10.00 – 12:00**

**Møterom:** Kinnaklova

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/19 Godkjenning av innkalling og saksliste		Innkalling og saksliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Fagseksjonsleiar	5 min
<b>Referat:</b>  Ingen kommentarar til innkallinga. Sakslista vart godkjent.				
2/19 Kort gjennomgang av Rammeverk for det	Vedlegg:	Gjennomgang av rammeverket <ul style="list-style-type: none"><li>• Kvalitet i emne</li></ul>	Kvalitetsrådgjevar orienterer	10 min

<b>systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning</b>	<a href="#">Arbeid med kvalitet i utdanningene ved FHS</a>  <a href="#">Rammeverket</a>  <a href="#">Kvalitetshåndoken</a>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvalitet i studieprogram</li> </ul>		
---	--	--	--	--

**Referat:**


Kvalitetsrådsgjevar Kristen Stæger-Breisnes ga ein overordna gjennomgang av kvalitetsarbeidet ved HVL fordelt på ulike tre dimensjonar:

1. *kvalitet i emnet*
2. *kvalitet i studieprogram*
3. *kvalitet i studieportofølje*

Systemet for arbeidet med kvalitet skal stimulere til og sikre jamleg vurdering og utvikling av kvalitet i alle emnar, også praksisemne. Systemet skal fremje erfaringsdeling og god praksis, og inneheld krav til revisjon av emneplan og førebuing og gjennomføring av undervising og vurdering. Knytt til kvalitet i emne har fagseksjonsleiar blant anna utarbeida rulleringsplanar for anonyme undersøkingar i nye- og utgåande emnar. Målsettinga er forbetring og utvikling av kvalitet i emna, der anonyme undersøkingar er eit av fleire vurderingsverktøy.

Systemet for arbeidet med kvalitet skal stimulere til og sikre jamleg og periodisk vurdering og utvikling av kvalitet i studieprogramma. Det skal fremje erfaringsdeling og god praksis, og sikre dokumentasjon og tilbakemelding om resultat og tiltak. Studieprogramrådet har ein vesentleg rolle i kvalitetsarbeidet ved HVL der rådet er involvert i forbetnings- og utviklingsarbeid av studieprogrammet. Studieprogramrådet er ein viktig arena for å kome med innspel til forslaget på den nye studieplanen for bachelor i sjukepleie. Rådet blir også eit viktig fora der studentrepresentantane møtes frå alle studieår.

[Kvalitetshandboka](#) på nett spesifiserer dei ulike rollane og kor ansvaret ligger knytt til korleis sikre kvalitetsarbeidet i alle dei tre dimensjonane.

Vedlegg, presentasjon ved kvalitetsrådsgjevar Kristen: Gjennomgang av rammeverk for systematisk arbeid med kvalitet i utdanning.  Gjennomgang i

<b>3/19 Høyring - Ny studieplan for bachelor i sjukepleie</b>	Vedlegg: Høyringsbrev på ny studieplan  Utkast til ny studieplan Bachelor i sjukepleie	Studieprogramrådet inviterast til å kome med innspel på studieprogram og emnar.  Spørsmål: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dekker læringsutbytte i studieprogrammet de nasjonale <a href="#">retningslinjene</a>?</li> <li>• Er innhald og læringsutbytte for praksisemna relevant og oppnåelig?</li> </ul>	Fagseksjonsleiar går igjennom studieplanen og innleiar til diskusjon	90 min
<p><b>Referat:</b></p> <p>Fagseksjonsleiar ga ein introduksjon om forslaget til den nye studieplanen for bachelor i sjukepleie. Studieprogrammet går i dag på fire av HVLs fem campusar: Førde, Bergen, Stord og Haugesund.</p> <p>Det er klare føresegner frå nasjonale forskrifter om retningslinjer for nasjonal sjukepleieutdanning. Frå og med hausten 2020 skal de fyste sjukepleiestudentane starte med denne nye studieplanen. I løpet av tre studieår, presisera nasjonale forskrifter totalt 75 læringsutbyttebeskrivingar som studentane skal vurderast i, jf. Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning, §§3-21. Desse læringsutbyttebeskrivingane er og har vert styrande for arbeidet med ny studieplan. Arbeidsgruppa har lagt fram eit forslag der alle emnar er beskriven detaljert, samt når i studieløpet emna skal gå og vurderast. Emnar og emnenamn i kvart studieår er foreslått der også nokon av emna er låst til eit bestemt semester.</p> <p>Forslaget til ny studieplan er skissert slik at teoriemna er enten 7,5 stp. eller 15 stp., og alle praksisemnar er 15 stp. (10 veker), forutan om to emnar som kombinera både teori og praksis. Studiets oppbygging skal sikre samanheng og progresjon, og sikre integrering mellom teori og praksis på ein måte som understøttar læringsutbyttebeskrivingane. Det skal leggest til rette for studentmobilitet og gis moglegheit for valbar fordjuping. Kvart studieår skal innehalde teori- og praksisemner jf. Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning, § 22.</p> <p><b>Programskisse-modell:</b></p> <p>Vedlagt ligg ein modell som viser programskisse.</p> <p><b>1 studieår:</b></p> <p>Fagseksjonsleiar trekk fram det nye emnet <i>Danning og akademisk handverk</i> (7,5 sp.), som vil vere felles for alle studentane ved HVL. Emnet er todelt der 2,5 sp. er sentrert mot studentanes fagområde. Dette emnet er bestemt at skal plasserast i 1 semester.</p>				

Emnet *anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi* er eit emne styrt av nasjonal eksamen. Både undervisning og vurdering i dette emnet vil vere plassert i 1 semester.

Fagseksjonsleiar opplyste om at teoriemnet *SYK131 Sjukdomslære og farmakologi* og *SYK110P Praksisstudiet, grunnleggande behov* kan ha ein kort periode med overlapp. Dette vil i hovudsak vere førebuing til praksis og inkludere medikamenttest.

### **2 studieår:**

Nytt emne: *Helsefremmande og førebyggjande arbeid i eit nasjonalt og globalt folkehelseperspektiv* (teori 7,5sp og 7,5sp praksis). Dette emnet opnar opp for å lage ulike valfrie modular/tematikkar med fokus på helsefremmande og førebyggjande arbeid. Forslag til valfrie modular/tematikkar vil bli utarbeidd av forskingsmiljø ved HVL.

Mobilitetsvindauge for inn-/utreisane studentar er foreslått i 4.semester og knytt til emne *Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid i eit nasjonalt og globalt folkehelseperspektiv* (15sp). Dette kan supplerast med praksisemne knytt til akutt, kritisk og kronisk sjukdom i same semester slik at dette total utgjør 30sp.

### **3 studieår:**

Nytt praksisemne: *Praksisstudie, sjukepleiaren sin funksjon i eit systemperspektiv* (7,5 sp.). Emnet kombinerer teori med ein kortare praksisperiode. Fokusområdet i dette emnet liggjar på innovasjon, kvalitetsutviklingsarbeid, samhandling med pasientar, pårørande og andre profesjonsutøvarar på systemnivå, samt leiing og prioritering av oppgåver i helsetenesta. Praksisen kan gjennomførast både i kommune- og spesialisthelsetenesta.

### **Studieprogramrådets innspel knytt til instituttets spørsmål om vurdering av ny studieplan:**

#### ***Er det samanheng mellom læringsutbytta, undervisnings- og læringsformer, arbeidskrav og vurderingsforma i dei ulike emna***

*Generell tilbakemelding:* Studieprogramrådet framheva at det er vesentleg med universell forståing og konsistent bruk av ord/ordlyd knytt til læringsutbyttebeskrivingane, undervisningsformane, arbeidskrav og vurdering.

#### ***Tilbakemeldingar knytt til arbeidskrav, tal på arbeidskrav og omfanget av desse:***

### **1 studieår:**

Studieprogramrådet framheva at arbeidskrav knytt til 2 fleirvalstester i emnet *Danning og akademisk handverk* var noko uklart. Eit innspel frå Aud Berit Fossøy var å heller foreslå obligatorisk grupperettleing framfor fleirvalstester. Studieprogramrådet diskuterte og oppfatta at fleirvalstester ikkje vart som ein tilstrekkeleg og god

nok måte å teste akademisk skriving på.

Studieprogramrådet vart derfor einige om å foreslå 2x grupperettleiing framfor 2 fleirvalstester.

I emne SYK130 *Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi* (15sp) har forslag til ny studieplan oppført 4 arbeidskrav. Det er einighet om at studieprogramrådet finn mengda arbeidskrav for stor, og heller ynskjer ein vektning av undervisning i dette emne framfor arbeidskrav.

Studieprogramrådets forslag til arbeidskrav i emnet: ein grupperettleiing i mikrobiologien framfor fleirvalsoppgåve, og ein grupperettleiing i anatomi, fysiologi og biokjemi framfor 2 x deltaking i praktiske øvingar/individuell skrifteleg innlevering.

### **2 studieår:**

Studieprogramrådets forslag i emnet *Helsefremmande og førebyggjande arbeid i eit nasjonalt og globalt folkehelseperspektiv* er å leggje til presentasjon av prosjektoppgåva for medstudentar som eit arbeidskrav.

### **3 studieår:**

I emnet *Sjukepleie ved komplekse og samansette helseutfordringar og psykisk helse* har forslaget til ny studieplan oppført 1 individuelt skriftleg arbeidskrav og 1 gruppearbeid m/framlegg. Studieprogramrådet trakk fram at mengda arbeidskrav var i overkant stor på eit 7,5 sp. teoriemne.

Studieprogramrådets forslag til arbeidskrav i emnet: bytte ut 1 gruppearbeid m/framlegg 2 x studiegruppe med rettleiing.

I emnet SYK320P *Praksisstudie, sjukepleiaren sin funksjon i eit systemperspektiv* har forslaget til ny studieplan oppført 2 skriftlege arbeidskrav, kor arbeidskrav 1 står oppført som individuelt/gruppe og arbeidskrav 2 er individuell skriftleg eigenvurdering.

Studieprogramrådets forslag til arbeidskrav 1: dette arbeidskravet bør vere individuelt.

Studieprogramrådets forslag til arbeidskrav i emnet SYK390 *Bacheloroppgåve i sjukepleie*: leggje til munnleg presentasjon og/eller postepresentasjon av bacheloroppgåva.

## **Tilbakemelding om dei ulike vurderingsformane er varierte og i samsvar med Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet:**

### **1 studieår:**

Studieprogramrådet støttar alle forslag til vurderingsformane i 1 studieår. Det er uklart kva som ligg i vurderingsforma i emnet Danning og akademisk handverk som vurderast med fagnotat i gruppe m/digital presentasjon.

**2 studieår:**

Studieprogramrådet støttar vurderingsformane i 2 studieår knytt til begge praksisemna og emnet *Helsefremmande og førebyggjande arbeid i eit nasjonalt og globalt folkehelseperspektiv*. I emnet SYK200 *Sjuepleie ved akutte, kritiske og kroniske helseutfordringar* er det einighet i rådet om at individuell skuleeksamen før praksis bør tilrådest. Dette med omsyn på mobilitetsvindaug/internasjonalisering og tidsrommet mellom fagleg undervisning og vurdering/eksamen.

**3 studieår:**

Studieprogramrådet støttar vurderingsformane i 3 studieår knytt til alle praksisemna og bacheloroppgåva. I emnet SYK300 *Sjuepleie ved komplekse og samansette helseutfordringar og psykisk helse* er det einighet i rådet om å foreslå at individuell heimeeksamen før praksis. Ein slik vurderingsform gir studenten moglegheit til å vise meir refleksjon, samt at det vil vere nyttig øving fram mot bacheloroppgåva.

<b>5/19 Orienteringar</b>	Vedlegg: <a href="#">Utdanningsutvalet FHS</a>	<ul style="list-style-type: none"><li>Resultat frå emneevaluering våren 2019 – oppfølging og tiltak</li></ul>		10 min
<b>Referat:</b> Det vart ikkje tid til å gå igjennom orienteringssaka.				
<b>6/19 Eventuelt</b>				5 min
<b>Referat:</b>				